Fylkesmannen i Vestland

Vår dato: 20.05.2019
Vår ref: 2018/2292
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Alsaker Fjordbruk AS
Flakkavågsvegen 10
5694 ONARHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom N Pedersen, 5557 2119

Løyve til forureining til Onarheim Bruk AS for landbasert postsmoltproduksjon på Onarheim i Tysnes kommune

Onarheim Bruk AS får løyve til forureining frå produksjon av postsmolt av laks og aure i landbasert RAS1 anlegg på lokaliteten Onarheim i Tysnes kommune. Det er gitt løyve til utslepp av inntil 35,6 tonn total fosfor, 292 tonn total nitrogen og 310 tonn organisk stoff målt som TOC.

Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Utsleppa til sjø må m.a. følgjast opp med årleg rapportering av utsleppsmengder og overvaking av verknaden på resipienten med eit overvakingsprogram.

Vi viser til søknad frå Onarheim Bruk AS av 20.09.2018 oversendt frå Hordaland fylkeskommune 24.09.2018 med ettersending av uttale frå Tysnes kommune den 23.11.2018.

Fylkesmannen i Vestland gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Fylkesmannen har lagt vekt på ulempene for miljøet ved tiltaket og vurdert desse opp mot andre fordelar og ulemper tiltaket vil medføre. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen også lagt til grunn kva verksemda kan oppnå med bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Vi understrekar at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er sett grenser for gjennom særskilte vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor føreligge i god tid før gjennomføring av ønska endring.

At det er gitt løyve til forureining, fritek ikkje frå erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrollova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnd i løyvet.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, må verksemda melde frå til Fylkesmannen.

Saksframstilling og grunngjeving

Søknaden

Verksemda søkjer om løyve til landbasert produksjonen av postsmolt av laks og aure med bruk av resirkuleringsteknologi. Det er søkt om produksjon av 17 millionar postsmolt av storleik inntil 825 gram. Samla biomasseproduksjon blir inntil 12.300 tonn og eit forventa fôrforbruk på 12.195 tonn. Bruk av resirkuleringsteknologi skal avgrense trongen for spedevann frå sjø til 7,3 m3/min. Bruk av ferskvatn avgrensa av løyve til av NVE skal blandast med sjøvatn og postsmolten skal produserast i 15 $^{0}/_{00}$ salt. Produksjonen inneber:

- Reinsing knytt til kvart einskild kar
- Ammonium blir avgifta gjennom eit biofilter
- Lufting av vatnet for å fjerne CO_2
- Oksygenering
- UV-behandling av det reinsa vatnet
- Avløpsvatnet skal reinsast med eit mekanisk filter med lysopning på 40 – 60 µm.

Tilhøvet til plan

Arealet er regulert til føremålet gjennom detaljreguleringsplan i Tysnes kommune.

Merknader frå offentleg høyring

I uttalen frå Tysnes kommune 13.11.2018 hadde dei ingen merknad til søknaden.

Sjøområdet som resipient

Lokaliteten Onarheim har vassførekomsten Onarheimsfjorden (0260041700-C) som resipient. Vassførekomsten har god økologisk tilstand, men står i Vann-nett oppført med dårleg kjemisk tilstand grunna funn at kvikksølv i djupvassfisk (brosme). Det er kosthaldsrestriksjonar i området. Kvikksølvforureininga skuldast m.a. gamle industriutslepp lenger inne i Hardangerfjorden. I vassførekomsten ligg det to matfiskanlegg på lokalitetane Onarøy og Ystadneset.

Onarheimsfjorden er ei bukt av Hardangerfjorden. Det er ingen tersklar mellom Onarheimsfjorden og Hardangerfjorden. Slik sett er det Hardangerfjorden som er resipient for utsleppa frå Onarheim. Hardangerfjorden er ein stor terskelfjord. Terskelen på om lag 115 ligg over Bømlafjordtunnellen. Hardangerfjordbassenget er stort, og oksygentilhøva i fjorden er gode, jf. figur 1.



Figur 1: *Oksygeninnhaldet i djupvatnet Hardangerfjorden ved Kvinnnheradsfjorden på 600 m djupne syner gode tilhøve. Oksygenmetninga er i tilstandsklasse 1 (svært god) og 2 (god). Data frå Vann-miljø.*

Straummålinga i sjøen utanfor anlegget syner at hovudstraumretninga er mot sørvest. Straumen er retningsstabil med Neumannparameter på 0,63.

Utslepp til sjø

Utslepp frå fiskeoppdrett er både oppløyste næringssalt og partiklar av organisk materiale. Brutto produksjon av avfallsstoff (ikkje medrekna ev. reinsing) kan enkelt reknast ut basert på innhald av nitrogen, fosfor og karbon i fôr og i fisk som er produsert. Faktiske utslepp blir redusert om anlegget har installert reinseanlegg.

Fylkesmannen har nokre utsleppsrapportar frå settefiskanlegg og vi har sett at mengd slam som blir samla opp i eit landbasert anlegg heng saman med kor mykje fôr som har blitt nytta (fôrfaktor). Vi har erfart at utstyrsprodusentar og konsulentar i ein del tilfelle lovar høgare reinseffekt i søknadsfasen enn det som let seg dokumentere i driftsfasen. Her er det trong for meir erfaringstal.

Det er førebels ikkje sett standardiserte krav om reinsegrad i landbaserte akvakulturanlegg. I løyvet har vi nytta reinsegrad som spesifisert av søkjar. Spesifikke utslepp, dvs. utslepp av mengd nitrogen, fosfor og organisk stoff (TOC) pr tonn fisk som er produsert, gjev beste biletet av utsleppa. Spesifikt utslepp blir påverka av driftsform, om det blir nytta gjennomstrøymingsanlegg eller resirkuleringsanlegg . I tillegg kjem bruk av utsleppsreduserande teknikkar som partikkelfilter, biofilter, fosforfelling m.m. Bruk av enkelte utsleppsreduserande teknikkar kan gjere at ein større del av utsleppet (nitrogen og karbon) går til luft i staden for vatn.

I søknaden er det gjort ei utrekning av brutto utslepp (avfallsproduksjon før reinsing) og faktisk utslepp (etter reinsing) frå anlegget på Onarheim. Det er føresett følgjande reduksjon (reinseeffekt) av komponentane i utsleppet. Søkjar har føresett at utsleppsreduksjonen skal vere 40% for nitrogen, 60% for fosfor og 80 % for organisk stoff.

Tabell 1: *Søkjar si utrekning av faktiske utslepp til sjø (avfallsproduksjon etter reinsing) av nitrogen, fosfor og organisk stoff frå produksjonen på Onarheim. Alle tal i tonn.*

Omsøkt ramme «postsmoltanlegg»	Produksjon	Fôr-bruk	Nitrogen	Fosfor	Karbon
RAS I anlegg	12.300	12.915	292,3	35,6	310,0

Søkjar skriv at erfaringsgrunnlaget for desse estimata er avgrensa. Miljødirektoratet og nokre fylkesmenn har eit pågåande prosjekt for å standardisere utsleppskrava frå landbasert anlegg. Dette arbeidet er ikkje ferdig. Fylkesmannen i Vestland har fått inn nokre rapportar frå settefiskanlegg som kan tyde på at det er vanskeleg å nå den prosentvise utsleppsreduksjonen som her er føresett.

Inntil det ligg føre standardiserte tal kvantifisering av utslepp fiskeproduksjon på land, vel vi å nytte dei tala som kjem fram i søknaden. Vi gjev løyve til utslepp av ei mengd nitrogen, fosfor og organisk stoff. Desse utsleppstala er lågare enn kva Fylkesmannen i dag ser som realistiske. Om det syner seg at det ikkje er mogleg å oppnå den føresette utsleppsreduksjonen (reinsegraden) er det likevel grenseverdiane i løyvet som gjeld, og Onarheim Bruk AS må søkje om endring av løyvet dersom det er ønskje om å auke utsleppsgrenser.

Miljøpåverknaden av utslepp frå oppdrettsanlegg er i første rekke knytt til utslepp av partikulært organisk materiale. For merdanlegg inneber det nedslamming av sjøbotnen under anlegget. Landbaserte anlegg kan få nedslamming av botnen nær utsleppspunktet. Blir avløpsvatnet reinsa blir det færre partiklar som kjem i avløpet. Bruk av resirkulasjonsteknologi har fleire føremoner. Vatnet må reinsast før det kan brukst om att i produksjonen. Fokuset på vasskvalitet i kara fører til betre kontroll med fôrforbruket, og lågare fôrfaktor.

Utsleppsvatnet kjem til å innehalde oppløyste næringssalt og små partiklar. Storleiken på partiklane avheng av lysopninga i filterduken. Jo mindre partiklane er, jo lenger blir dei ført bort med vasstraumane. Vi har avgrensa erfaring med drift av landbaserte anlegg og kor godt reinseanlegga fungerer. Vi har heller ikkje mykje erfaring med korleis dei lokale miljøpåverknadene vert frå utslepp i så stor skala som det her er søkt om. Vi har lagt til grunn at eit reinsa utslepp frå landbasert produksjon vil ha avgrensa påverknad på sjøbotnen lokalt. Effekten av utslepp av næringssalt må følgjast opp med overvaking av utsleppa og miljøtilstanden i influensområdet. Overvaking skal vere ei vidareføring av forundersøkinga som vart gjort i samband med søknaden. Syner det seg at påverknaden på miljøet blir for stor, vil det vere naudsynt med tiltak. Akseptkriteria vil følgje retningslinene etter vassforskrifta og Miljødirektoratet sin rettleiar nr 2 – 2018.

Utslepp av kjemikal, legemiddel og prioriterte miljøgifter er og regulert av vilkår i løyvet.

Inntaksvatn og utsleppspunkt for avløpsvatn

Produksjonsvatnet er planlagt med vassinntak ca. 800 meter frå anlegget på ca. 80 meter djupne. Avløpsvatnet er planlagt sleppt ut på om lag 30 meter djupne. Produksjonsvatnet i anlegget skal vere samansett av sjøvatn og ferskvatn frå Onarheimsvassdraget. Ved utsleppspunktet skal dette ha eit saltinnhald på om lag 15 $^{0}/_{00}$. Utsleppsvatnet kjem til å ha lågare eigenvekt enn vatnet på 30 meter djupne. Det vil føre til at utsleppsvatnet vil flyte opp og blande seg med grunnare vatn. Det vil igjen føre til betre spreiing av avløpsvatnet. Samstundes vil det redusere risiko for at utleppsvatnet kan nå inntakspunktet.

Krav om reinsing og dokumentasjon av reinseeffekt

Det er sett krav om reinsing av avløpsvatnet. Verksemda skal kunne dokumentere at kravet til reinsing blir halde. Reinsekravet inneber at Onarheim Bruk AS skal redusere utsleppsmengdene som spesifisert i søknaden, jf. tabell 1 over.

Krav til dokumentasjon av reinseeffekt og rapportering av produksjonsdata er spesifisert i punkt 11 i løyvet.

Oppdrettar skal årleg rapportere til Fylkesmannen om fôrforbruk, biologisk produksjon, slamproduksjon og resultat av analysar av innhaldet av fosfor, nitrogen og karbon i slammet. Når det vert tilrettelagt for rapportering gjennom Altinn, vil det erstatte rapportering direkte til Fylkesmannen.

Krav om overvaking

Det finst ikkje ein norsk standard for overvaking av utslepp til sjø frå landbaserte akvakulturanlegg slik ein har for matfiskanlegg i sjø. Kunnskapen om påverknaden på resipienten er mangelfull, så det er naudsynt med eit risikobasert overvakingsprogram. Det inneber at trongen for overvaking vil auke med aukande utslepp. Resipientgranskingar for overvaking av punktutslepp i sjø skal følgje krava i Norsk Standard for marin sedimentprøvetaking i NS-ISO 16665 og klassifiseringa av miljøtilstanden skal følgje Miljødirektoratet sin rettleiar 02:2018. Overvaking med årleg visuell inspeksjon rundt utsleppspunktet kan gjerast ved bruk av ROV eller undervassdrone.

Organisk produksjonsavfall

Oppsamla slam skal ikkje dumpast. Slammet skal nyttast på ein berekraftig måte. Onarheim Bruk AS pliktar å dokumentere kor mykje slam dei produserer/leverer og kva dette slammet inneheld av organisk materiale.

Støy og lukt

Utslepp av støy frå industrianlegg er ofte årsak til at naboar til anlegget klagar til Fylkesmannen. Utslepp av støy er regulert gjennom vilkår i utsleppsløyvet. Omsyn til støyutslepp skal vere med i utforming av anlegget.

Oppsamla fiskeslam kan medføre ein luktproblem, dette er og regulert gjennom utsleppsløyvet.

Naturverdiar og friluftsliv

Dette er eit landbasert anlegg plassert på eit område sett av til industri i arealdelen av kommuneplanen og regulert gjennom detaljreguleringsplan. Anlegget vil vere godt sikra mot rømming og skal vere utan lakselus. Mogleg påverknad på vill laksefisk blir vurdert til å vere liten.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8 - 12

Søkjar har gjort greie for registrerte naturverdiar i området slik dei er tilgjengelege som registreringar i *Naturbase* og *Artskart*. Fylkesmannen sin vurdering er at desse ikkje vil kome i konflikt med eit landbasert postsmoltanlegg på Onarheim.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er straummålingar og resipientgransking. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Verknaden på resipienten av utsleppa av næringssalt og organisk materiale til Onarheimsfjorden er ikkje kjende. Overvaking av resipienten er naudsynt for å følgje utviklinga. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Den viktigaste belastninga på resipienten er utslepp av næringssalt og finpartikulært organisk materiale. Belastninga på resipienten vil auke (naturmangfaldlova § 10). Resipientgranskingar skal avdekke om resipienten blir uakseptabelt påverka av utsleppa frå anlegget.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Onarheim Bruk AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

Fylkesmannen sin konklusjon

Det er søkt om utsleppsløyve for ein svært stor produksjon av laksefisk. Vi har vurdert at føremonene med landbasert produksjon i RAS1 anlegg inneber at utsleppet av partikulært organisk materiale blir sterkt redusert i høve til merdbasert oppdrett i sjø. Men det vil framleis vere store utslepp av næringssalt og organisk materiale til Onarheimsfjorden og Hardangerfjorden.

Fylkesmannen gjev løyve til forureining i tråd med søknaden frå Onarheim Bruk AS.

Det er viktig at Onarheim Bruk AS følgjer opp produksjonen med dokumentasjon av utslepp og reinsegrad.

Fristar

Oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak det er stilt krav om i løyvet:

Tiltak	Frist	Jf. vilkår i løyvet
Årleg rapportering av utslepp	1. mars kvart år	11.4
Plan for miljøovervaking	Innan utgangen av 2019	12.2
Visuell inspeksjon	Årleg	12
Resipientgransking	kvart 4. år	

Gebyr

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 6, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Verksemda skal betale 32.800 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Klage

Fylkesmannen si avgjerd kan bli klaga på til Miljødirektoratet av partane i saka med rettslege klageinteresse innan 3 veker frå underretning om Fylkesmannens vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å bli handsama, jf. forvaltningslova § 31. Ein eventuell klage skal opplyse om kva klagen gjeld og kva de ønsker å endre. Klagen skal grunngjevast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Fylkesmannen for fleire opplysningar om dette. Fylkesmannen kan på førespurnad også gi fleire opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betyding for saka.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Tom N Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Løyve etter forureiningslova til Onarheim Bruk AS for landbasert postsmoltproduksjon på Onarheim i Tysnes kommune

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL

Fylkesmannen i Vestland

Løyve etter forureiningslova for landbasert akvakulturproduksjon på lokaliteten Onarheim – Onarheim Bruk AS

Fylkesmannen gjev Onarheim Bruk AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 20.09.2018 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under handsaminga, og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Akvakulturlokalitet[1]	39977 Onarheim II	
Produksjons-kapasitet	Inntil 12.300 tonn/ år, landbasert produksjon av laksefisk	
Kommune og fylke	Tysnes i Hordaland	
Gards- og bruksnr.	153/1	
Verksemd	Onarheim Bruk AS	
Postadresse	Flakkavågsvegen 10, 5694 Onarheim	
Org. nummer	992 259 418 (føretaksnr.)	(bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	• Akvakultur, 03.211 Produksjon av matfisk og skalldyr i hav- og kystbasert fiskeoppdrett	

Fylkesmannen sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2019.0981.T	1223.0056.01	18/2292 – 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
Anlegg: 59° 56,615’ N 05° 37,448’ Ø Utslepp: 61° 36,756’ N 05° 02,257’ Ø	0260041700-C Onarheimsfjorden	Sunnhordland

Løyve gjeve fyrste gong: 20.05.2019	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: -
Sissel Storebø seksjonsleiar	Tom N. Pedersen seniorrådgjevar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

[1] Jf. Akvakulturregisteret, https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret

Endringslogg

Endringsnr.	Endringsdato	Punkt	Endringar

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Hordaland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

1 Ramma for løyvet

Løyvet gjeld forureining frå akvakulturproduksjon av settefisk og postsmolt av laksefisk i landbasert resirkuleringsanlegg ved Onarheim i Tysnes kommune.

Løyvet gjeld for ein produksjon på inntil 12 300 tonn biomasse av fisk per år, med maksimalt dei utsleppsmengdene for utslepp til vatn som er gitt i vilkår 3. Dette punktet føreset at det skal vere utsleppsreduserande tiltak i produksjonen. Løyvet er basert på søknad som har berekna utsleppsmengder ut frå eit forventa årleg fôrforbruk på 12 915 tonn.

2 Generelle vilkår

2.1 Avgrensing av utslepp

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulert gjennom vilkåra i punkt 3 til 15 i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette uttrykkeleg går fram av punkt 3 til 15.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for den aktuelle typen verksemd i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som råd

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette grenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, dette gjeld også for støy, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett tydelege grenser for gjennom vilkåra i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr og endring av utslippspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureinande utslepp og annan negativ verknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt. 2.3.

Dersom det skal skiftast ut utstyr der det er mogleg å oppnå utsleppsreduksjonar av betydning, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen om dette i god tid før avgjerda om val av utstyr vert teken.

Dersom verksemda ønskjer å endre utsleppspunkt til luft eller vatn som er nemnt i vilkåra til løyvet, må det søkjast om løyve til dette. Der utsleppspunkt ikkje er fastlagde i vilkåra til løyvet tidlegare, må verksemda avklare med Fylkesmannen om ei ønskt endring av utsleppspunkt krev løyve og eventuelt også spreiingsberekningar.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

2.6 Plikt til tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig, må verksemda innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Fylkesmannen om omstende som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 13.4.

2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si i samsvar med gjeldande forskrift[2]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 13.1.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Samla årlege utslepp av reinsa avløpsvatn til sjø frå akvakulturproduksjonen ved full utnytting av produksjonsramma skal vere under følgjande utsleppsgrenser:

Tabell 3-1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar eller berekningar, jf. punkt 11.2

Komponent	**Utsleppsgrenser**			**Gjeld frå**
	Korttidsgrense* Midlingstid	Langtidsgrense Midlingstid: 1 år	Spesifikt utslepp** Midlingstid: 1 år	
Total nitrogen (tot-N)	Ikkje grense	292 tonn/år	23,8 kg/tonn fisk	20.05.2019
Total fosfor (tot-P)	Ikkje grense	35,6 tonn/år	2,9 kg/tonn fisk	20.05.2019
Total organisk karbon (TOC)		310 tonn/år	25,2 kg/tonn fisk	20.05.2019

* Utslepp per dag, ** Utslepp per tonn produsert biomasse
Mengd avløpsvatn som vert sleppt til sjø skal målast/bereknast, jf. punkt 11.2.

2 Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127.

3.1.2 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel

Det er ikkje sett konkrete utsleppsgrenser for utsleppa til vatn av kjemikal og legemidlar m.m. frå produksjonen.

Utsleppa vil kunne innehalde låge konsentrasjonar av mellom anna kopar og prioriterte miljøgifter som t.d. kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE frå fôrspill og fekaliar. Desse utsleppa er tillatne, men skal reduserast mest mogleg i tråd med vilkåra i punkt. 3.2 og punkt. 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom fôret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Fylkesmannen kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuell også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive.

3.1.3 Utsleppsreduserande tiltak

3.1.3.1 Reinseanlegg

Før utslepp til resipienten skal avløpsvatnet frå produksjonen reinsast. Reinseprosessar og –innretningar skal samla sett oppfylle reinsekrava i tabell 3-2 under. Reinsegraden skal reknast med utgangspunkt i målt eller berekna totalproduksjon av dei ulike utsleppskomponentane i akvakulturproduksjonen, og midlast over den samla årsproduksjonen av avfallsstoff i avløpet.

Tabell 3-2: Reinsekrav for avløp.

Måleparameter	Reinsekrav	Midlingstid	Gjeld frå
Total nitrogen (tot-N)	40 % reduksjon	1 år	20.05.2019
Total fosfor (tot-P)	60 % reduksjon	1 år	20.05.2019
Totalt organisk karbon (TOC)	80 % reduksjon	1 år	20.05.2019

3.1.3.4 Andre tiltak

Diffuse utslepp frå produksjonsanlegg eller uteareal, for eksempel avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

Eventuelt oljehaldig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining.

3.2 Utsleppsstad

Avløpsvatnet skal førast ut i Onarheimsfjorden på om lag 30 meter djupne. Opplysningar om nøyaktig posisjon skal sendast Fylkesmannen. Utsleppet skal skje på ein slik måte (t.d. gjennom bruk av diffusor, røyrutforming og utsleppshastigheit) at innblandinga i vassmassane vert best mogleg.

Utlegging av utsleppsleidning eller liknande tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomsten i kommunen sitt sjøområde, krev løyve frå kommunen, jf. Havne- og farvannsloven[3].

3.3 Kjølevatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

3.4. Sanitæravløp

Kommunen er myndigheit for regulering av sanitæravløpsvatn frå verksemda.

3.5. Mudring

Dersom det som følgje av verksemda sin aktivitet viser seg nødvendig med mudring, skal det søkjast om eige løyve til dette frå Fylkesmannen.

4 Utslepp til luft

4.1 Lukt

4.1.1 Luktavgrensing

Lukt til omgjevanden skal avgrensast mest mogleg.

Luktimmisjon ved nærliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overstige 1 ou_E/m^3, som maksimal månadleg 99 prosent timefraktil.

4.1.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast luktrisikovurdering i tråd med tilrådingane i vedlegg 3 i *Miljødirektoratets veileder TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven*[4]. Ved endringar skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

4.1.3 Førebyggjande tiltak og driftsplan

Lukt skal vere ein driftsparameter for heile anlegget. Verksemda skal ha oversikt over kjelder til lukt og vurdere behov for tiltak og eventuelt effekt av gjennomførte tiltak. Rettleiing og tips som kan nyttast som styringsparametrar m.m. i ein driftsplan, finst i vedlegg 4 til Miljødirektoratet sin luktveileder[5]. Ved endringar i drifta skal driftsplanen oppdaterast.

4.1.4 Handtering av luktutslepp

Alle lukthendingar skal dokumenterast, til dømes i verksemda sin daglege driftslogg.

---

3 Jf. lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven) av 17.04.2009 nr 19, § 27.

4 Lenke til Miljødirektoratet sin luktveileder:
https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/klif/publikasjoner/3019/ta3019.pdf

Verksemda skal informere Fylkesmannen og potensielt berørte naboar når det er planlagt aktivitet som kan gje auka luktbelastning. Det same gjeld ved svikt i utstyr eller liknande omstende som kan gje auka luktbelastning.

Verksemda skal ha eit system for registrering av eventuelle luktklager, som viser kvar og når det er registrert luktulemper. Klager skal vurderast opp mot drifta og anna som er relevant, med omtale av eventuelle tiltak som vert gjennomført. Dokumentasjon på korleis verksemda har handtert luktklagene skal vere tilgjengeleg ved tilsyn frå Fylkesmannen.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Alle aktivitetar skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak for å hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemda pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense miljøverknader av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal forhindre utslepp og avgrense miljøverknader av slike utslepp skal overvakast og vedlikehaldast regelmessig. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal unngåast.

Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemda sitt område på land, og eventuell forureina sediment i sjøområda utanfor. Dette omfattar også å ha oversikt over faren for spreiing, og vurdere behov for undersøkingar eller tiltak. Dersom det er grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak er nødvendig, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen sprer seg, må ha godkjent tiltaksplan etter kapittel 2 i forureiningsforskrifta[5].

6 Vurderingar ved bruk av kjemikal, medrekna legemiddel

Vilkåra i dette punktet gjeld når verksemda nyttar kjemiske stoff og stoffblandingar, både som del av produksjonen og som hjelpestoff. Dette kan til dømes vere desinfeksjonsmiddel, legemiddel, ensileringskjemikal, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannsløkkingsmiddel, osb.

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal verksemda dokumentere at det er gjennomført ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit system som dokumenterer dykkar vurderingar og konklusjonar av om helse- og miljøskadelege kjemikal kan skiftast ut med mindre skadelege kjemikal (substitusjon). Det skal gjerast jamlege vurderingar av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikala som vert nytta, og av om alternative kjemikal eller metodar finst. Skadelege effektar knytt til bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe[6]. Verksemda pliktar å vurdere om den kan nytte førebyggjande alternative metodar som ikkje krev vurdering av veterinær eller fiskehelsebiolog for å redusere utslepp av legemiddel.

---

[5] Jf. forskrift om begrensning av forurensning (forurensingsforskriften) av 01.06.2004, nr 931, kapittel 2 om opprydding i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

[6] Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) av 11.06.1976 nr. 79, § 3a om substitusjonsplikt

Der veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive bruk av eit legemiddel, pliktar ikkje verksemda å vurdere om det finst andre legemiddel som medfører mindre risiko for miljøforstyrring.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, omsetjast eller brukast utan at dei er i tråd med krava i REACH-regelverket[7] og anna regelverk som gjeld for kjemikaliar.

7 Støy

Verksemda skal utforme og drive anlegget slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgjevnaden. Aktivitetar som medfører fare for støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid frå måndag til fredag kl. 7–16.

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige følgjande grenser, målt eller berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Tabell 7-1: Støygrenser

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl. 19-23) $L_{pAekv4h}$	Laurdag (kl. 07-23) $L_{pAekv16h}$	Søn-/heilagdag (kl. 07-23) $L_{pAekv16h}$	Natt (kl. 23-07) $L_{pAekv8h}$	Natt (kl. 23-07) L_{AFmax}
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

L_{pAeqT} er A-vegd gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid, der T er midlingstida oppgitt i tal timar. L_{AFmax}, er gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde seg innanfor alle støygrenser alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport på verksemda sitt område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygge- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemda, er ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene vil ikkje gjelde for bygningar av typane nemnt over, som vert etablert etter at støygrensene vart vedtekne.

8 Energi

8.1 Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing som gjev kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. vilkår 2.7., og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

Systemet skal vere etablert innan eitt år etter oppstart av produksjon i anlegget.

8.2 Utgår

[7] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30.05.2008 nr 516

8.3 Spesifikt energiforbruk

Spesifikt energiforbruk for produksjonen, uttrykt som kWh/tonn produsert, skal reknast ut og rapporterast årleg, jf. punkt 11.5.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at verksemda fører til at det blir danna avfall. For materiale som vert utnytta som biprodukt, skal det finnast skriftleg dokumentasjon som viser at kriteriane i forurensningsloven § 27[8], andre ledd er oppfylt.

Innhaldet av skadelege stoff i avfallet skal avgrensast mest mogleg.

Avfall som oppstår i verksemda, skal verksemda primært søkje å få ombrukt i eigen produksjon eller i produksjonen til andre verksemder. Dersom dette ikkje er mogleg eller medfører urimeleg kostnad, skal avfallet fortrinnsvis materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimeleg kostnad, skal avfallet så langt det er mogleg gjenvinnast på annan måte.

Verksemda pliktar å syte for at all handtering av avfall, inkludert gjenvinning, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette, fastsett i eller i medhald av forureiningslova[9].

Farleg avfall kan ikkje fortynnast for å bli rekna som ordinært avfall. Ulike typar av farleg avfall kan ikkje blandast, dersom det kan medføre fare for forureining eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gjev ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av avfall

9.2.1 Generelle krav til handtering

All handtering av avfall skal gå føre seg slik at det ikkje medfører avrenning til grunn eller overflatevatn. Sjenerande støving skal unngåast. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader.

I tillegg gjeld:

a. All handtering av avfall skal vere basert på risikovurdering, jf. punkt 2.7 om internkontroll og punkt 13 om beredskap.
b. Verksemda skal ha kart som viser kvar ulike typar avfall er lagra.
c. Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkomande ikkje får tilgjenge. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merkt, slik at det er tydeleg kva som er lagra.
d. Avfall som ved samanblanding kan gje fare for brann, eksplosjon eller at det vert danna farlege stoff, skal lagrast med nødvendig avstand.

---

[8] Jf. lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) av 13.03.1981 nr. 6, § 27 om definisjon av avfall

[9] Sjå mellom anna forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.06.2004 nr. 930 og forskrift om begrensning av forurensning (forurensingsforskriften) av 01.06.2004, nr 931, kapittel 18 om tanklagring av farlige kjemikal og avfall

e. Alt farleg avfall, uavhengig av mengde, skal lagrast innandørs og på tett dekke[10], med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan aksepterast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gjev minst like låg risiko og like godt vern av miljøet.

For visse typar tanklagring gjeld forureiningsforskrifta kapittel 18.

9.2.2 Organisk produksjonsavfall

Oppsamla organisk produksjonsavfall som ikkje inneheld antibiotika skal så langt mogeleg utnyttast som ein ressurs, og skal handsamast i høve til gjeldande regelverk[11] på dette området. Eventuelt antibiotikahaldig organisk produksjonsavfall skal lagrast i eige lager med tilstrekkeleg kapasitet.

Organisk produksjonsavfall som slam, død fisk, fôrrestar, m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for forureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere større mengder produksjonsavfall som følgje av uhell som t.d. driftsstans på utstyr, sjukdom eller anna.

9.3 Marin forsøpling og mikroplast

Verksemda skal ha tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikroplast. Dette gjeld også all slitasje på plastbasert produksjonsutstyr.

10 Utgår

11 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

11.1 Kartlegging av utsleppskjelder

Verksemda skal systematisk kartleggje alle eigne kjelder til utslepp til luft og vatn. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp, og uavhengig av om det er sett utsleppsgrenser for utsleppa eller ikkje. Kartlegginga skal leggjast til grunn for programmet for utsleppskontroll i punkt 11.4.

11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere sine utslepp, gjennom målingar og/eller berekningar. I dette inngår målingar av volum/mengde, prøvetaking, analysar og berekningar.

Målingar og utrekningar skal vere representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar fastsett i løyvet, jf. tabellar 3-1 og 3-2 under punkt 3
- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar fastsett i forskrifter

[10] Tett dekke tyder eit fast , ugjennomtrengeleg og slitesterkt dekke for dei aktuell materiale/avfallstypene.

[11] *Forskrift om animalske biprodukter som ikke er beregnet på konsum* av 27. oktober 2007 nr 1254, *forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav* av 4. juli 2003 nr. 951, og anna relevant regelverk.

- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig betydning og difor er omfatta av rapporteringsplikt[12]

Verksemda skal årleg gjere ei fagleg grunngjeven vurdering av sine utslepp til vatn og rapportere dette i tråd med punkt 11.5. Utrekningar av årlege utslepp regulert i tabell 3-1 skal vere baserte på fôrforbruk, biologisk produksjon av fisk og produksjon av slam. Det skal gjerast målingar eller berekningar av mengd avløpsvatn og produsert slam, og analyser av innhaldet av nitrogen (tot-N), fosfor (tot-P) og organisk stoff (TOC) i slammet, jf. vilkåra under punkt 3.

For utslepp til luft og støy må målingar eller berekningar gjennomførast ved behov eller etter særskilt krav frå Fylkesmannen.

11.3 Kvalitetssikring

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra blant anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i tilfelle dokumentere at særlege omsyn ligg føre og at den valde metoden gjev representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volum/mengdemåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst.
- delta i samanliknande laboratorieprøving (SLP) og/eller jamleg verifisere analyser med eit eksternt, akkreditert laboratorium for dei parametrane som er regulert gjennom presise grenseverdiar, når verksemda sjølv analyserer.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gjev representative prøver.
- jamleg utføre kontroll av og kalibrere måleutstyr

11.4 Program for utsleppskontroll

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

I programmet skal verksemda gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 11.1), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing om verksemda sine faktiske utslepp til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over alle utsleppsstraumer, volum og innhald, til luft og vatn
- ei skildring av dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) for kvar straum og komponent
- ei skildring av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvens for måleutstyrskontroll og kalibrering
- ei grunngjeving for valde prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens)
- ei skildring av valde metodar/standardar for analyse

[12] jf. Miljødirektoratet sin rettleiar til eigenrapportering frå verksemder. Rettleiaren er lagt ut på www.miljodirektoratet.no.

- dersom det er aktuelt, ei grunngiving for valt frekvens for deltaking i SLP og/eller verifisering av analyser med eit akkreditert laboratorium
- ei utgreiing av kva for usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gjev

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

11.5 Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal innan 1. mars kvart år rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før til Fylkesmannen. Miljødata omfattar blant anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontrollen. Rapporteringa skal så langt som mogleg skje i samsvar med Miljødirektoratets rettleiing til verksemdene si eigenrapportering, sjå www.miljødirektoratet.no.

For utslepp av stoff der utsleppsavgrensingar ikkje er fastsett med presise grenseverdiar i punkt 3.1 og 4.1, vil Fylkesmannen ved gjennomgang av eigenkontrollrapportane vurdere behovet for å fastsette meir presise, og eventuelt strengare, grenser.

Verksemda skal saman med den årlege eigenkontrollrapporten sende Fylkesmannen ein rapport om tal på luktklagar og tal på lukthendingar ved verksemda det siste året. Det skal gjerast greie for årsaka til dei enkelte lukthendingane og/eller luktklagene, og eventuelle tiltak som er gjennomført for å avgrense eller stanse utsleppet.

Verksemda skal årleg rapportere eit avfallsrekneskap som syner ei oversikt over alt avfall som er danna ved anlegget, lagra, behandla og/eller sendt vidare.

12 Miljøovervaking

Verksemda skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda. Overvakinga skal minimum omfatte granskingane som er spesifiserte nedanfor. Verksemda skal vurdere om desse miljøgranskingane dekker miljøpåverknaden eller om det er trong for andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget og innhald av framandstoff i fôret skal inngå i denne vurderinga.

Verksemda må sjølv sette i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

12.1 Krav til gransking av næringssaltutslepp og organisk belastning

Verksemda skal sørge for at trendbasert overvaking av miljøtilstanden i vassøyla og i sedimenta på sjøbotn blir gjennomførte. Granskingane skal gjerast av eit uavhengig, akkreditert organ som er akkreditert for følgjande metodar: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemiske analysar, P21 Taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkingar.

Overvakinga må minimum inkludere dei same prøvepunkta som vart nytta i førehandsgranskinga og inkludere parametrane makro infauna (botnfauna), sedimentkvalitet, sedimentkjemi inklusive sink, vasskjemi (TotN, TotP) og klorofyll.

Resipientgranskingane som omtalt over skal gjerast kvart 4. år. I tillegg skal det årleg gjerast visuell inspeksjon av utsleppspunktet med ROV eller undervassdrone.

Ein plan for granskingane skal sendast inn til Fylkesmannen for vurdering seinast 6. månader etter at løyvet er gitt.

12.2 Strandsonegransking

Verksemda skal syte for at det årleg blir gjennomført ei synfaring av utsett strandsone for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget. All miljøpåverknad som kan tilskrivast verksemda skal dokumenterast med tekst og bilete.

12.3 Hydrografimålingar

Oksygennivået i djupområda i Onarheimsfjorden skal overvakast med hydrografimålingar for å kartleggje utviklinga i resipienten. Målingane skal gjerast av kompetent, uavhengig organ.

Ein plan for granskingane skal sendast inn til Fylkesmannen for vurdering i lag med krava under punkt 12.1.

12.4 Rapportering til Fylkesmannen og registrering i Vannmiljø

Resultatet av miljøovervaking som blir gjennomførte skal sendast fortløpande til Fylkesmannen. Rapportane skal innehalde resultat og ei fagleg vurdering av resultat.

Resultat frå granskingane som blir gjennomførte etter punkt 12, skal også fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø[13]. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat, som er å finne på www.vannmiljokoder.miljodirektoratet.no. Her finn ein og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse for sin aktivitet, og vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal vere dokumentert, og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal verksemda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik forureining kan føre til.

Risikoanalysen skal innehalde ein dokumentert omtale av resipienten, inkludert sårbare naturtypar og artar som kan blir påverka av forureining frå verksemda.

13.2 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere både sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert skriftleg oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

---

[13] Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn: http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/

13.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Beredskapen mot akutt forureining skal øvast på minst ein gong i året.

13.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[14]. Verksemda skal også så snart som mogeleg orientere Fylkesmannen gjennom fmvlpost@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

14 Granskingar og utgreiingar

Det er ikkje sett krav om andre granskingar eller utgreiingar enn det som kjem fram i vilkåra sine punkt 3-13.

15. Eigarskifte, omdanning m.m.

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

16. Nedlegging

Dersom anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar opp for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid trengst for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendige for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikkerheit/garanti som allereie er stilt, vil løpe vidare inntil Fylkesmannen godkjenner reduksjon og/eller bortfall av denne, etter søknad frå driftsansvarleg selskap eller eigar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert slam, ensilasje og daud fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift[15]. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege syte for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

---

14 Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

15 Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

17. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne gjev mynde til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

VEDLEGG 1 Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3-14.

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

Bromerte flammehemmere	**Vanlige forkortelser**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelser	
Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C_{10} - C_{13} (kloralkaner C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C_{14} - C_{17} (kloralkaner C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensider	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromuskforbindelser
Muskxylen

Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)	
Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salter av PFOS og relaterte forbindelser	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl salter av PFHxS og relaterte forbindelser	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte forbindelser	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedete perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelser	
Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH

Ftalater	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A	BPA

Siloksaner	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350